



PLANPROGRAM

Detaljregulering for Nesjane gbnr. 52/1 mfl., næring Kinn kommune

PlanID: 20200112

Forslag til offentlig høyring





Kinn kommune

Planprogram

Detaljregulering for Nesjane, gbnr.52/1 mfl.,
næring, Kinn kommune

PlanID: 20200112

Dato	25.06.2026
Oppdragsansvarleg	Jane Berg Solheim
Utarbeidd av	Juanita Sekkingstad og Aurora Skumlien
Kvalitetssikring	Jane Berg Solheim
Status	Forslag til offentlig høyring
Oppdrag nr.	2020213
Oppdragsgjevar	Kinn kommune
Foto på framsida	Norgebilder.no



Strandgata 10
6905 Florø
Telefon: 957 41 102
E-post: post@investconsult.no
www.investconsult.no

FØREORD

Forslag til planprogram for offentlig Detaljregulering for Nesjane, gbnr.52/1 mfl., næring, Kinn kommune, planID: 20200112, er utarbeidd av iVest Consult AS på vegne av tiltakshavar Kinn kommune.

Planområdet omfattar etablert næringsområde på Nesjane i Eikefjorden. Planarbeidet for næringsområdet starta opp i 2020 med mål om å legge betre til rette for eksisterande verksemd og framtidig næringsutvikling, samt sikre gode løysingar for trafikk og mjuke trafikantar. Det vart utarbeidd eit planforslag som var lagt ut til offentlig ettersyn i 2021. Statens vegvesen kom med motsegn til planforslaget knytt til utforminga av krysset mot rv. 5, noko som førte til at planarbeidet vart mellombels stansa. Etter dialog vart ein samde om å lage ein eigen detaljreguleringsplan for krysset. Forslag til reguleringsplan for krysset er no utarbeidd og lagt på høyring.

Ved gjenopptaking for ferdigstilling av detaljreguleringa for næringsområdet har det gjennom dialog med næringsaktørane i området kome inn nye innspel i høve arealbehov og utvikling av området, som ein no ønsker å innarbeide i planen. På grunnlag av dei nye tiltaka vil det vere behov for utviding av planområdet.

Vidare har ein vurdert dei nye tiltaka i høve KU forskrifta, og vurdert det slik at det i høve endringane vert krav om konsekvensutgreiing og planprogram. Krav om konsekvensutgreiing vert utløyst av Forskrift om konsekvensutgreiing §§ 6 og 8.

Føremålet med planprogrammet er å avklare rammer for planarbeidet i høve til utgreiingsbehov, planprosess, medverknad m.m.

INNHALD

1	INNLEIING	2
1.1	BAKGRUNN OG PLANPROSESS	2
1.2	FORMÅL MED PLANARBEIDET – PLANFORSLAG, ENDRINGAR OG BEHOV FOR PLANPROGRAM	2
1.2.1	<i>Krav om konsekvensutgreiing og planprogram</i>	<i>4</i>
2	PLANOMRÅDET	6
2.1	DAGENS SITUASJON	6
2.2	AVGRENSING AV PLANOMRÅDE	6
2.3	SKILDRING AV PLANLAGDE TILTAK	7
3	OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR.....	9
3.1.1	<i>Internasjonale retningslinjer - FN sine berekraftsmål</i>	<i>9</i>
3.1.2	<i>Statlege retningslinjer</i>	<i>9</i>
3.1.3	<i>Kommunale og regionale føringar</i>	<i>10</i>
3.2	KOMMUNALE FØRINGAR.....	10
4	METODE OG UTGREIINGSTEMA.....	12
4.1	METODE	12
4.2	KONSEKVENSGREIING FOR KLIMA OG MILJØ.....	12
4.3	O-ALTERNATIVET	12
4.4	ALTERNATIV LOKALISERING.....	13
4.5	ROS-ANALYSE	13
4.6	TEMA SOM SKAL KONSEKVENSGREIAST	15
4.7	OPPSUMMERING AV UTGREIINGSBEHOV	19
5	FRAMDRIFTSPLAN	20

1 INNLEIING

iVest Consult AS er engasjert som plankonsulent for utarbeiding av detaljregulering for næringsområde på Nesjane, Kinn kommune. Tiltakshavar er Kinn kommune. Kontaktperson i Kinn kommune er Heidi Dyrøy og Janicke Svendal.

Ansvarleg styresmakt for behandling og godkjenning av planprogrammet er Plan- og miljøutvalet i Kinn kommune. Kommunestyret er ansvarleg styresmakt for endeleg godkjenning av detaljreguleringsplanen.

1.1 Bakgrunn og planprosess

Planområdet er del av etablert næringsområde på Nesjane i Eikefjorden, i Kinn kommune. Planarbeidet for næringsområdet starta opp i 2020 med mål om å legge betre til rette for eksisterande verksemd og framtidig næringsutvikling, samt sikre gode løysingar for trafikk og mjuke trafikantar. Det vart utarbeidd eit planforslag som vart førstegongsbehandla av Plan-, miljø- og næringsutvalet den 07.09.2021 og deretter lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 17.09.-01.11.2021.

I høringsperioden kom Statens vegvesen med motsegn til planforslaget, knytt til utforminga av krysset mot rv. 5. Motsegna innebar planprosessen ikkje kunne førast vidare utan nærare avklaring av ei betre løysing for krysset, i tråd med krav til trafikktryggleik og framkome. Arbeidet med reguleringsplanen vart difor mellombels stansa.

Gjennom vidare dialog mellom Kinn kommune og Statens vegvesen vart det einigheit om behov for å utarbeide ein eigen detaljreguleringsplan for krysset ved rv.5. Staten Vegvesen varsla oppstart av planarbeidet i november 2024. Det vart samstundes lagt til grunn at reguleringsplanen for krysset og reguleringsplanen for næringsområdet på Nesjane skulle samkøyrast med tanke på rekkefølgekrav knytt til opparbeiding av veg og kryssløysingar.


I samband med arbeid med ferdigstilling av planframlegg for næringsarealet på Nesjane for ny høyring, har det vore fleire møter og dialog med næringsaktørane på Nesjane for å fange opp evt. endringar i arealbehov i høve tidlegare planframlegg som har vore på høyring. I den samanheng kom det inn tre innspel som går utover dei rammene som var sett i planframlegget, som krevjar utviding av planområde samt ei ny vurdering i høve KU-forskrifta. Det vart då konkludert at planlagde endringar utløyser krav til konsekvensutgreiing og planpram.

Vidare planarbeid vart derfor tatt opp som ei drøftingssak i Plan- og miljøutvalet den 24.03.2026, saknr. 026/26. Kommunedirektøren si tilråding var at planprosessen vert ført vidare med sikte på å innarbeide dei nye arealbehova, med bakgrunn i dei moglegheitene for næringsutvikling som ligg i dei innmeldte behova for vidareutvikling av næringsareala.

1.2 Formål med planarbeidet – planforslag, endringar og behov for planprogram


Hovudformålet med planarbeidet er å legge betre til rette for eksisterande næringsaktivitet på Nesjane, og for vidareutvikling av framtidig næringsareal innanfor allereie etablert næringsområde. Samstundes skal planarbeidet legge til rette for dei innspela som vart gitt ved reoppstart av planarbeidet. Videre skal planen legge gode føringar for avgrensing av næringsareal mot natur- og friluftsområda rundt.

Området er i overordna plan i hovudsak avsett til noverande og framtidig næringsverksemd, med tilgrensande areal på land avsett til LNF, til hamn og til bruk og vern av sjø og vassdrag.



Figur 1: Utsnitt fra kommuneplanens arealdel (kommunekart.com/kinn)

I tidligere utarbeidd planforslag vart det lagt til rette for utvikling av næringsområde i tråd med overordna plan. På bakgrunn av dette, samt at formålet var konsekvensutgreidd i overordna plan, vart det då vurdert at planlagde tiltak ikkje gav behov for konsekvensutgreiing.




Figur 2: Planforslag som var på høring i 2021 (iVest Consult/kommunekart.com/kinn)

Nye innspel frå næringsaktørar gjev behov for utviding av plangrense og oppdatering av plan. Endringar i høve tidlegare utarbeidd planforslag som vart lagt på høring i 2021 omfattar:

- Planområdet utvidast mot vest for å kunne legge til rette for Brødrene Aa sine planar. Utviding av planområdet vil i hovudsak vere for hamneområde i sjø for å sikre ny arealbruk på land
- Endring i arealbruk frå friluftsførmål på land til byggeførmål vil gi behov for nedbygging av 2 automatisk freda kulturminne

- Endring i arealbruk i frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, til hamneformål i sjø i tilknytning til kai.
- Endring i arealbruk i nordaust innanfor areal tidlegare foreslått avsett til naturformål. Utviding mot nord skal legge til rette for etablering av skjermingsvoll/vegetasjonsskjerm, samt utviding av landbruksareal til LNF-formål, i samsvar med gitt løyve. Endring av formål vil vere innanfor avsett areal til industri i kommunedelplan.
- Opne for etablering av biogassanlegg innanfor areal avsett til industri i tidlegare utarbeidd planforslag.



Figur 3: Førebels skisse til plankart i høve endringar (iVest Consult AS)

1.2.1 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Det vert vurdert at planarbeid vil kunne legge opp til tiltak innanfor vedlegg I i KU-forskrifta i høve etablering av Biogassanlegg med kapasitet på over 100 tonn pr. dag (punkt 10). Det vil såleis vere krav til konsekvensutgreiing og Planprogram.

Planen gjeld tiltak etter plan- og bygningslova, og fell såleis ikkje inn under forskrifta §7.

Tiltak er vurdert å kunne fall inn under Vedlegg II:

Punkt 10 a) *Utviklingsprosjekter for industriområder.*

Plantiltak er derfor vidare vurdert i samsvar med §10, konsekvensar for miljø og samfunn:

I vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det ses hen til egenskaper ved planen eller tiltaket, jf. annet ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påvirkning på omgivelsene, jf. tredje ledd. Det skal også i nødvendig grad ses hen til egenskaper ved virkninger nevnt i fjerde ledd.

Det vert her vurdert at planarbeidet vil kunne bli omfatta at konsekvensar knytt til miljø og samfunn under punkt a. i høve tiltak:

a. *størrelse, planområde og utforming*

Vidare vert det vurdert i høve lokalisering og påverknad at planlagde tiltak kan medføre eller komme i konflikt med punkt a. b. c.:

-
- a. verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven
- b. truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv
- c. større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet

Med grunnlag i dette vert det vurdert at i vidare planarbeid for Nesjane vil det vere behov for Planprogram i samsvar med Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9. Aktuelle tema for konsekvensutgreiing er avklara med sakshandsamar i Kinn kommune og vil vere; naturmangfald i sjø og på land inkl. vassmiljø, kulturminne, friluftsliv og landskap. Nærare avklaring kring tema som skal utgreiast blir vurdert i kapittel 4.6.

Føremålet med planprogrammet er å:

- gjere greie for føremålet med planarbeidet
- avklare kva tema som skal konsekvensutgreiast
- klargjere kva alternativ som vil bli vurderte, og behovet for utgreiingar
- beskrive den vidare planprosessen med fristar og deltakarar, samt opplegg for medverknad

Forslag til planprogram vert lagt ut til offentlig ettersyn samstundes med varsel av utviding av planområdet, og høyringsfrist skal vere minst 6 veker.

2 PLANOMRÅDET



Figur 4: Avgrensing av planområdet etter utviding i høve nye plantiltak. Lite bilde viser lokalisering av planområdet i Kinn kommune (<http://www.kommunekart.com/>).

2.1 Dagens situasjon

Nesjane næring og industriområde ligg rett vest for tettstaden Eikefjord, som ligg i austleg del av Kinn kommune. Det er etablert forskjellige typar verksemdar innanfor området, i hovudsak lett industri og lager. I strandsona i vest finn ein hall for båtbygging, og i aust finn ein asfaltverk (mobilt) og masseuttak av stein.


Planområdet grensar i sjø mot sør, LNF område i vest, nord og aust. I mot nord grensar planområdet også mot bustadareal som ligg i tilknytning til etablert vegtilkomst til Nesjane.

Området er prega av eit kyst/fjordlandskap med varierte landskapsformer som naturleg skjermar industriområde frå omkringliggande områder. Landskapsbildet på Nesjane er prega av blanding av forskjellige funksjonar. Nord for planområdet finn ein dyrka jord/beitemark, areal med skog, og idrettsanlegg (i nordaust). Om lag 500 m nord for industriarealet er det fleire etablerte bustadar, samt eit område avsett til framtidig bustadareal som pr. i dag ikkje er realisert.

Industriområdet består i all hovudsak av grunnlendt terreng med fjell i dagen, der delar av landskapet er svert prega av menneskeleg aktivitet. Eksisterande bygg innanfor planområde er næring- og servicebygg.

2.2 Avgrensing av planområde

Planforslag på høyring omfatta 327 daa. I høve aktuelle endringar vil det bli behov for utviding av planområdet i høve varsla grense frå 2021. Utviding vil vere på kring 38 daa, då til om lag 365 daa.



Figur 5: Utvida plangrense i høve planforslag på høyring. Planforslag på høyring i høve kryss mot rv.5 er vist i nord (kommunekart.com/kinn)


2.3 Skildring av planlagde tiltak



Figur 6: Illustrasjon for ny hall og ny kai i vest, med naudsynt areal i sjø i høve planlagt verksemd (Brødrene Aa)

Det vert planlagt etablering av ny hall og ny kai i vestleg del av området, . I samband med tiltak vil det vere behov for noko utfylling i sjø. For å kunne realisere planlagde tiltak vil det vere behov for nedbygging av to automatisk freda kulturminne. Planlagde tiltak gjev også grunnlag for utviding av planområde mot vest for å sikre naudsynt hamneområde i sjø i tilknytning til kaianlegg. Planlagde tiltak vert vurdert å kunne gje 100-150 nye arbeidsplassar og vil styrkje eksisterande industrikompetanse innanfor maritim teknologi og kompositt ved den etablerte verksemda til Brødrene Aa.

Då Nesjane industriområde ligg i tilknytning til sjø vil ein her kunne legge til rette for effektiv logistikk gjennom kombinasjon av veg- og sjøtransport, noko som er naudsynt i høve planlagde tiltak. For å kunne utvikle næringsområde vidare vil det vere viktig å kunne etablere kai, og at ein har nok tilgjengeleg areal. Ut i frå dette ønsker ein også å utvide område avsett til næringsformål også austover.



For å etablere nye industriareal på Nesjane må terrenget tilpassast gjennom uttak av massar og planering av tomter i fleire nivå. Steinmassane i området har god kvalitet og vert nytta i byggeprosjekt og godt eigna til blant anna asfaltproduksjon. Uttak av massar bidreg derfor både til lokal verdiskaping samstundes som ein legg til rette for næringsareal.

For denne delen av området ønsker ein å etablere skjermingsvoll mot nord. Denne vil fungere som avgrensing og skjerming mot myrområde, bustadar og stadionområdet i nord. Vollen vil også gje skjerming i høve støy og støv ved masseuttak.

Vidare ser ein på moglegheitane for å kunne etablere biogassanlegg innanfor område avsett til industri i tidlegare planforslag, der ein vil omdanne organisk avfall til biogass. Biogassanleggene er sett på som ein viktig del av landet sin strategi for å oppnå berekraftig utvikling og klimagassreduksjon, og for å nå klimamålene i tråd med Parisavtalen.

Det vert vurdert frå grunneigar at biogassanlegget vil kunne ha ein kapasitet på rundt 150 000 tonn avfall per år, tilsvarande litt over 400 tonn per dag. Dei viser til at tiltaket vil kunne legge til rette for mottak og

behandling av matavfall frå kommunen, næringsavfall for fiskeindustri, avlaupsslam frå kommunen, fiskeensilasje, og husdyrgjødsel frå nærområde som Nordalsfjoren, Hyen, Eikefjord, Naustdal, Stavang. Dei vurderer at anlegget vil kunne ha ein sentral regional behandlingsskapitet for organisk avfall frå kringliggande område, då nærmaste tilsvarande anlegg er etablert aust for Molde og i Bergen.

Området ligg tett på RV5 og i tilknytning til sjø, og kan såleis vere aktuell for t.d. tungtransport, og innanfor eksisterande industri i nærområde som Nor Tekstil, Ewos og anna oppdrettsnæring. Anlegget vil også produsere biogjødsel som et biprodukt, som kan brukast av lokale bønder. Det vert planlagt for å kunne nytte all energien som produserast fra biogassanlegget lokalt, og såleis redusere karbonfotavtrykket til sluttbrukar.

Kommunen vurderer at lokalisering av biogassanlegg på Nesjane vil kunne vere ei strategisk god plassering då ein ikkje har liknande anlegg i nærleiken, samt at det ligg godt plassert i forhold til kundar og marknaden. Det er derfor ønskeleg at planen legg til rette for å kunne etablere eit slikt tiltak.



3 OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR

3.1.1 Internasjonale retningslinjer - FN sine berekraftsmål

FN sine 17 berekraftsmål er overordna og førande for samfunnsutviklinga, lokalt, regionalt og globalt. Måla er ein felles global retning, og gjeld alle land i verda, både rike og fattige. Berekraftsmåla kan sjåast på som ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Regjeringa har utarbeidd ein handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030. Denne blei vedteken av Stortinget den 5. April 2022.



Figur 7: FN sine klimamål

3.1.2 Statlege retningslinjer

Lover og forskrift

- Plan- og bygningslova (2008)
- Naturmangfaldlova (2009)
- Kulturminnelova (1978)
- Forskrift om konsekvensutredning

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Plan- og bygningslova frå 2008 innførte eit lovbestemt krav om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide et dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går frem av plan- og bygningsloven § 6-1. Bakgrunnen er eit ønske om å oppnå betre samhandling mellom plan-nivåa, og i sum betre relevans, måloppnåing og samordning av mynde i planlegginga.

De fem overordna forventningane for 2023-2027:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Statlege planretningslinjer:

- Arealbruk og mobilitet (2025)
- Klima og energi (2024)
- Differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)
- Born og unges interesser (1995)
- Verna vassdrag (1994)

Andre aktuelle planfaglege retningslinjer:

- Naturmangfald (2009)
- Friluftsliv (2015-2016)
- Byggeskikk og estetikk
- Universell utforming (2021-2025)


3.1.3 Kommunale og regionale føringar

Vestland fylkeskommune har opplyst at ved overgang til Vestland fylke vil regionale planar vedteke i Sogn og Fjordane gjelde for gamle Sogn og Fjordane, fram til desse planane vert avløyst av nye planar i Vestland. Regionale planar og strategiar som er særleg relevant for dette arbeidet er:

- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, Vestland fylkeskommune
- Regional plan for kultur 2023-2035, Vestland fylkeskommune
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Regional plan for klima 2022-2035, Vestland fylkeskommune
- Plandel, handlingsprogram 2022-2025, årleg handlingsplan 2025
- Regional transportplan 2022-2033, Vestland fylkeskommune
- Regional plan for folkehelse 2015-2025, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Klimaprofil, Sogn og Fjordane (oppdatert 2024), Norsk Klimaservicesenter
- Fylkesdelplan for arealbruk, sjekkliste

3.2 Kommunale føringar

Kommuneplan



Figur 8: Forslag til ny planavgrensing syna på utsnitt av gjeldande kommunedelplan for området (<http://www.kommunekart.com/klient/kinn/>).

Planområdet ligg innanfor Kommunedelplanen for Eikefjord, 2014-2018, godkjent 04.11.2014. Området er i hovudsak avsett til *noverande* og *framtidig næringsvirksomhet* (NE1, N1, N2), og med noko areal avsett til *LNRF (areal for nødvendige tiltak for landbruk)*, i vest og i aust innanfor planavgrensing. I sørvestre del av planområdet, innanfor LNRF mot sjø, er der 2 omsynssoner for *Bevaring av kulturmiljø*, H570_2, H570_3.

I aust er arealformål LNRF avsett med omsynssone for *Hensyn Landskap*, H550_2. Dette gjeld også tilgrensande LNFR område utanfor planavgrensing i mot vest og i delar av nord, H550_1. Der er vidare 2 mindre områder med *faresone for ras*, H310 i søraustre del av området, i tillegg til *faresone for flaum* langs sjø; H320.

Tilkomstveg frå riksveg 5 til området er avsett til arealformål offentlig *samleveg* (VE), der tilgrensande areal til veg er avsett til *LNRF* og *bustadformål*, *noverande* og *framtidig* (BE, BE1, B1).

I sjø er arealformåla *Hamn*, *noverande* og *framtidig* (HE, H1, H2), og *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone*. Innanfor hamneformål er eit mindre område avsett med *sikringssone for infrastruktur*, H190_1.


Område innanfor eksisterande reguleringsplan for Nesjane er merka med omsynssone *Reguleringsplan skal fortsett gjelde*, H910.

Reguleringsplanar

Kart synar eksisterande detaljreguleringsplanar for Eikefjord, Nesjane, og tilgrensande planar. Reguleringsplanarbeid for næringsareala på Nesjane kjem i berøring med gjeldande reguleringsplan, der delar av denne vil bli endra gjennom prosessen med ny detaljreguleringsplan for næringsområdet på Nesjane.

Gjeldande plan for området er *Eldre reguleringsplan for Eikefjord – Nesjane, gbnr. 52/1,2 m.fl., Industri, bustad m.m. godkjent 09.12.1986 (PlanID 140119860103)*.

Denne vert oppheva i eigen planprosess, som er varsla og vert samkøyrtd med vedtak av denne reguleringsplanen.



Figur 9: Eldre detaljreguleringsplanar for næringsområde på Nesjane. (<http://www.kommunekart.com/klient/kinn/>).

I gjeldande reguleringsplan er areala regulert til *Industri* (I1, I2-2-6), *kai* (T-T1), *Køyreveg med anna vegggrunn* og *frisiktsiktsoner*. I aust og i vest er det regulert friluftsområde, F og F1.

I tilgrensing til regulert tilkomstveg frå RV5 er areala i hovudsak regulert til *område for jord- og skogbruk*, samt område for *bustad med tilhøyrande anlegg* og *friluftsområde i sjø og vassdrag*.

Det er ikkje avsett arealformål i sjø i eldre plan.

Reguleringsplanar for nærliggande områda er:

- Eldre reguleringsplan for Kvalvika, Del av gbnr.52/1, Bustad, godkjent 11.03.2003 (PlanID 140120030102)
- Eldre reguleringsplan for Eikefjord - Nesjane, Del av gbnr.52/1 (i dag 52/42), Vegserviceanl., godkjent 03.10.1989 (PlanID 140119890111).
- Eldre reguleringsplan for Knapstad, Kvalvik Rv5, godkjent 27.10.1998 (PlanID 140119980102).
- Eldre reguleringsplan for Kvalvik - Grov Rv 5, godkjent 16.04.2002 (PlanID 140120020104)
- Eldre reguleringsplan for Eikefjord - Nesjane, Gbnr.52/22, 55/36 m.fl, Idrettsanlegg, Endring, godkjent 25.04.1989 (PlanID 140119890103)
- Detaljreguleringsplan for Kvalvik/Eikefjord sentrum - GBnr 52/59, 63, 194 mfl - Veg og teknisk infrastruktur, godkjent 13.02.2018 (PlanID 140120160109)

Forslag til Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane, planID 20240006, vart 1. gangs handsama i Plan- og miljøutvalet den 28.04.2026, sak nr. 040/26. Utarbeidd planforslag vert der vedtatt lagt ut på offentlig ettersyn i perioden 07.05.2026-21.06.2026.

4 METODE OG UTGREIINGSTEMA

4.1 Metode

I samsvar med plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing for plantiltak i samband med detaljreguleringsplan for Nesjane næringsområde.



Figur 11: Miljødirektoratet sin veileder for konsekvensutgreiing for klima og miljø (<https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>)

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og beskrive dei faktorar som kan bli påverka av planarbeidet, og vurdere vesentlege verknad planlagde tiltak kan ha for miljø og samfunn i og rundt planområdet.

4.2 Konsekvensutgreiing for klima og miljø

Ved utarbeiding av konsekvensutgreiinga skal metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 *Konsekvensutredninger for klima og miljø* leggjast til grunn, med vurdering og analyse av *verdi, omfang* og *konsekvens*.

Vurderinga av verknadane skal gjerast på grunnlag av dei løysingane som vert valt og dei effektane dette har for miljø og samfunn. For aktuelle tema i konsekvensutgreiinga er det spesifisert følgjande i planprogrammet:

- Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga
- Tilrådd metode
- Grunnlagsmateriale: Oversikt over eksisterande kunnskap i form av planar, utgreiingar, retningslinjer, registreringar, databasar m.fl.

Miljødirektoratet sin rettleiar for metode er digitalisert på Miljødirektoratets si nettside <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>. Skildring av metode vert derfor ikkje nærare beskrive i Planprogrammet.

4.3 0-alternativet

Konsekvensutgreiing skal innehalde ei samanstilling av konsekvensar av tiltaka samanlikna med 0-alternativet, og med ei vurdering av måloppnåing i forhold til overordna planar. Det vil også bli gjort greie

for eventuelle avbøtende tiltak som kan forebygge skadeverknad for miljø og samfunn, samt oppfølgjande undersøkinga som vert anbefalt.

Utarbeidd planforslag som var på høyring i 2021 er ikkje vedtatt og kan såleis ikkje leggst til grunn for 0-alternativet. Gjeldande eldre reguleringsplan er frå 1986, og er såleis etter eldre regelverk. Kommunedelplan for Eikefjord er nyare, frå 2014, og vil såleis vere nyaste vedtekne plan for området. Det vert derfor vurdert at Kommunedelplan, samt noverande bruk av området, kan leggst til grunn som 0-alternativet. Vidare utviding av planområde og nye plantiltak som gjev behov for konsekvensutgreiing vil derfor vurderast opp mot dette.

4.4 Alternativ lokalisering

Då planformålet er direkte knytt til eksisterande næringsområde ved Nesjane vil det i vidare planarbeid ikkje vurderast alternativ lokalisering.

4.5 ROS-analyse


Det er gjennomført ROS-analyse i samband med tidlegare planforslag frå 2021. Oppsummering frå denne er presentert i tabellen nedanfor, med forslag til avbøtende tiltak som er innarbeidd i planen og forventa effekt av desse. Ved utviding av planområde vil ROS-analyse bli gått igjennom på ny og oppdaterast i samsvar med nye planlagde tiltak innanfor området.

Tabell 1: Oppsummering frå ROS-analyse i samband med tidlegare planforslag frå 2021

UØNSKT HENDING	FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK	RISIKO ETTER AVBØTANDE TILTAK		
		<i>Menneskeliv og helse</i>	<i>Stabilitet</i>	<i>Materielle/ økonomiske verdier</i>
NR 1. Overvatn	- Ved planering av areal i aust skal fall føre mot sør-sørvest, for å hindre avrenning mot myrområde. - Kant/grøntområde mot nord, i austleg del av planområdet, hindrar avrenning mot myrområde. - For nye bygg og anlegg skal handtering av overvatn inngå i detaljprosjekteringa. Det skal takast omsyn til framtidig auke i nedbør.	3	3	3
NR 2. Stormflo/-flaum i sjø	- Det vert etablert omsynssone for flaum i plankart for å sikre type bygg som kan etablerast i flaumutsett område. Omsynssone er sett til kote 3. - Krav for tryggleiksklassar i teknisk forskrift må følgjast ved nye tiltak. Tryggleikskrava kan ein oppnå anten ved å plassere byggverket utanfor flaumutsett område (over gitt kotehøgde), sikre det mot overfløyming eller dimensjonere og konstruere byggverket slik at det toler belastningane og ein unngår skadar. - Planerte flater/golv bør etablerast på ein slik måte at toppnivå kan hevast i takt med nivå for framtidig havstigning. - Byggverk som i kraft av funksjonen sin må liggje i flaumutsette område, slik som til dømes kaiar og naust, må konstruerast og oppførast slik at dei er i stand til å tole belastningane under flaum. - Installasjonar som ikkje vil tole høg vasstand og bølgepåverknad, må plasserast utanfor flaumutsett område.	2	3	6
NR 3. Skredfare	Vurdert som at det ikkje er reell fare for snøskred i området.	1	1	1

Naturfare:

Aktsemdområder i NVE-atlas knytt til naturfarar er oppdaterte sidan 2021. Det er registrert aktsemdområde i høve snøskred og jord- og flaumskred i aktuelt område. Planområde ligg også innanfor område registrert som aktsemdområde i høve kvikkleire. I planforslag og ROS-analyse frå 2021 vart det vurdert at det ikkje ville vere reell fare for skred i området. Reell skredfare blir vurdert i planprosessen i samsvar med NVE-rettleiarar.



Figur 10: utsnitt frå NVE-atlas som synar aktsemdområder i aktuelt område (NVE-atlas)

4.6 Tema som skal konsekvensutgreiast

På bakgrunn av omfanget og verknadene i planarbeidet er det i planprogrammet lagt vekt på at følgjande tema for klima og miljø skal konsekvensutgreiast:

1.	Landskap
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Planområdet ligg i landskapsregion 21, ytre fjordbygder på Vestlandet. Landskapsverdi C - Representative / vanleg førekommande landskap. Ved utviding av planområde vil ein kome innanfor område som i kommunedelplan har omsynssone i høve landskap. Størrelsen på område som skal planerast, utfyllast, utbyggingsvolum og utforming av området vil kunne påverke dagens landskapsbilde både i forhold til nær- og fjernverknad. Tiltak vil medføre irreversible endringar av strandsona. Grad av ny fylling og avslutning av denne vil vere viktig for landskapsbildet, då særleg nærverknad sett frå sjø. Fokus på god landskapstilpassing med estetisk tilnærming og kvalitetar er viktig i planprosessen.
Metode	Vurdere kor store endringar tiltaket er antatt å representere for landskapsbildet, nær- og fjernverknad. Nytte utarbeidde og oppdaterte illustrasjonar over planlagde tiltak med bygningsvolum. Vurdering av avbøtande tiltak i høve fylling, bygningsvolum og andre tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga. Vurdering av konsekvens for strandsona i høve landskap. Vurdering opp mot 0-alternativet.
Grunnlagsmateriale	- Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 - Synfaring. - Kart med terrenginngrep. - Foto og illustrasjonar




Figur 11: 3D illustrasjon av eksisterende område med gjeldende kommunedelplan (kommunekart.com/kinn)

2.	Friluftsliv
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Utviding av planområde vil påverke areal registrert som tilgjengeleg strandsone og kome innanfor del av området som er regulert til <i>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone</i> . Dette er område som potensielt kan nyttast i høve friluftsliv.
Metode	Planen sin verknad for friluftsliv på land og sjø vert vurdert på bakgrunn av føreliggjande registreringar og anna tilgjengeleg informasjon. Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga. Vurdering av strandsone i høve friluftsliv. Vurdering opp mot 0-alternativet.
Grunnlagsmateriale	- Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 - Informasjon frå kjente kjelde, offentlege instansar, kommunen og organisasjonar - Kart/influensområde




Figur 12: Kartlagte friluftslivsområder (røde felter) og tilgjengeleg strandsone (grøne felter) ved næringsområde på Nesjane. (<http://www.miljodirektoratet.no/>).

3.	Kulturminne
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Det er registrert to automatisk freda kulturminne innanfor planområde. Desse ligg i vestleg del av planområde. Plantiltak vil medføre nedbygging av landareal, som omfattar lokalisering av desse lokalitetane. Kulturminna (Nyreg. Nesjane og Fetts fk. Nr. 2 Nesjane) er begge freda av Kulturminnelova av 1978 og registrert av Riksantikvaren som arkeologisk minne. Nyreg. Nesjane hadde opphavleg funksjon som busetnad, og er datert til steinalderen. Fetts fk.nr. 2 Nesjane er ei gravrøys frå bronse-jernalder.
Metode	Planen sin verknad for omtalte kulturminne vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar og tilhøyrande rapport gjennomført av Vestland fylkeskommune i 2021. Dialog og tilbakemelding frå kulturmynde i høve konsekvens og avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreinga. Vurdering opp mot 0-alternativet.
Grunnlagsmateriale	- Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 - Kulturminnelova - Askeladden/Kulturminnesøk - Føreliggande registreringar og tilhøyrande rapport



Figur 13: Utsnitt av aktuelt område frå kulturminnesøk.no/kart

4.	Naturmangfald
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Utviding av planområdet omfattar nedbygging av land- og delar av sjøareal. Sjøområdet i Eikefjorden er registrert som gytefelt for torsk, og det finst større tareskogførekomstar i Litlevika (verdi B). Tiltak i sjø, som utfylling for kai, kan påverke desse naturverdiane. Vassførekomsten (ID 0281010600-2-C) har god økologisk tilstand, og påverknad på vassmiljø må vurderast. Det er registrert enkelte fugleartar i området, og Eikefjordholmane naturreservat ligg om lag 700–800 meter unna. I nordaustleg del av planområde er det registrert eit myrområde. Delar av planområdet for eksisterande tilkomstveg til Nesjane ligg innanfor naturtypeavgrensing rik kulturlandskapssjø (middel verdi) kring Store- og Litlevatnet.
Metode	Planen sin verknad for natur- og biologisk mangfald på land og i sjø, vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar og nye undersøkingar, med vurdering av konsekvens for vassmiljø. Vurdering av strandsone i høve naturmangfald. Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga. Vurdering opp mot 0-alternativet.
Grunnlagsmateriale	- Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 - Kartlegging av biologisk mangfald på land og i sjø - Informasjon frå offentlege instansar - Naturmangfaldlova - Forskrift om fremmande organismar - Artsdata i Artsdataregisteret - Naturbasen til Miljødirektoratet



Figur 14: Utsnitt frå naturbase kart som viser naturtype/naturmangfald i aktuelt område (miljødirektoratet.no).

4.7 Oppsummering av utgreiingsbehov

Oppsummering av tema som skal vurderast eller konsekvensutgreiast i planarbeidet er vist i tabell nedanfor. Tema i tabell er utarbeidd med utgangspunkt i KU forskrifta § 21. Handbok M-1941 skal nyttast for alle klima og miljøtema. ROS-analyse og planomtale vil også bli oppdatert i høve nye planlagde tiltak.

Tema	Vurdering / kommentar	Utgreiingsbehov
Naturmangfald , jf. naturmangfaldsloven	Utviding av planområdet omfattar nedbygging av land- og delar av sjøareal.	Konsekvensutgreiast (på land og i sjø)
Økosystemtenestar	Tema inngår som del i naturmangfald i samsvar med Miljødirektoratets veileder M-1941.	Inngår i Konsekvensutgreiing
Kulturminne og kulturmiljø	Utviding av planområde vil omfatte nedbygging av areal der det er registrert to automatisk freda kulturminne.	Konsekvensutgreiast
Friluftsliv	Utviding av planområde vil påverke areal registrert som tilgjengeleg strandsone enn det som er avklara i overordna plan.	Konsekvensutgreiast
Landskap	Utviding av planområde og opparbeiding av nytt landareal vil påverke landskapsbiletet i området.	Konsekvensutgreiast
Vassmiljø, jf. vassforskrifta	Vassmiljø inngår i tema under naturmangfald. Plantiltak med utfylling i sjø kan påverke miljøstanden i vassførekomsten.	Inngår i Konsekvensutgreiing
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	For aktuelle miljøtema som må konsekvensutgreiast vil gjeldande miljømål bli referert til i planen.	Konsekvensutgreiingar/ planomtale/ROS-analyse
Forureining (utslepp til luft, her under klimagass-utslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	I gitt konsesjon for masseuttaket vert det sett krav til at det mot nord skal stå igjen ein terrengkant, for å hindre at støv og finmassar finn vegen ut i myrområdet nordaust for planområdet. Støy frå eksisterande næring er regulert ut i frå forureiningsforskrifta. Nye plantiltak vil kunne påverke tema og må såleis vurderast i planarbeidet. Aktuelt tiltak i høve fylling i sjø må søkast til bla. Statsforvaltar etter forureiningslova.	Planomtale/ROS-Analyse
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar	Innanfor industriområdet er det etablert eit steinuttak som vert nytta som industrimineral og byggeråstoff for etablert asfaltverk på Nesjane, i tillegg til at steinmassar vert selde og nytta i byggeprosjekt, vegprosjekt og andre prosjekt i kommunen.	Planomtale
Samisk natur- og kulturgrunnlag	Ikkje aktuelt tema i denne planen.	
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Tilrettelegging for kai legg til rette for å kunne ha effektiv logistikk med både land- og sjøtransport, og vil vurderast i høve vidare plantiltak.	Planomtale/ROS-analyse
Beredskap og ulykkesrisiko	Tema Beredskap og ulykkesrisiko inngår som del av ROS-Analyse, og må vurderast i høve nye planlagde tiltak.	Planomtale/ROS-Analyse /Føresegn
Verknad som følgje av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	Området ligg innafør omsynssone for havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad. Tema inngår som del av ROS-analyse og det er innarbeidd i flaumsone i plankart. Dette må vidareførast for utvida område, og evt. sårbarheit for nye planlagde tiltak må vurderast.	Planomtale/ROS-Analyse
Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	Planlagde tiltak og planens verknad for helse inngår i vurderinga i tema som t.d. friluftsliv, folkehelse, barn, unge og eldre, samt evt. forureining, trafikk, m.fl. Vurdering knytt til tema vil såleis bli vurdert i Planomtale og ROS-Analyse, og oppdaterast i høve nye plantiltak.	Planomtale
Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Behov for tilrettelegging for mjuke trafikantar til og frå næringsområdet inngår som tema i planomtale.	Planomtale

Barn og unge sine oppvekstvilkår	Born og unge inngår som plantema i planomtale.	Planomtale
Kriminalitetsforebygging	Dagens verksemder innehar ikkje drift som vil vere særlege mål for sabotasje/terror, eller anna kriminalitet. Det må vurderast om planlagde nye tiltak kan vere særlege mål for sabotasje/terror.	ROS-Analyse
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Det skal gjennom planarbeidet leggjast til rette for ei god avslutting mot sjø. Plassering av bygningsvolum skal vurderast, med mål om å gje mindre konsekvens i høve landskap. Tema vil inngå som del av planomtale og KU for landskap.	Planomtale og Konsekvensutgreiing for Landskap

5 FRAMDRIFTSPLAN

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over planlagd framdrift i planarbeidet. Handsaming i kommunen vil vidare avhenge av saksmengd og møteplanar.

Fasar i planarbeidet	Samarbeid og medverknad	Ansvarleg	Forslag til framdrift
Utarbeide planprogram, administrativ godkjenning før utsending		iVest Consult AS og Kinn kommune	Juni 2026
6 veker offentlig høyring av planprogram, samstundes med varsling av utviding av planområde (vert utvida 2 veker pga. ferie)		iVest Consult AS og Kinn kommune	Juli- September 2026
Registrering/kartlegging av biologisk mangfald		iVest Consult AS m/underleverandør	Juli-august - september 2026
Merknadshandsaming og ev. avklaring med relevante partar, evt. endringar i planprogram		iVest Consult AS og Kinn kommune	September 2026
Godkjenning av planprogram		Plan- og miljøutvalet Kinn kommune	Oktober 2026
Vurderinga og oppdatering av plandokument i høve plantiltak, og konsekvensutgreiing		iVest Consult AS	Oktober – november
Oversending til administrativ handsaming		iVest Consult AS	Desember 2026
Politisk behandling i planutvalet, med offentlig ettersyn		Plan- og miljøutvalet Kinn kommune	Januar 2027
Vedtak av reguleringsplan		Kommunestyret Kinn kommune	Februar-mars 2027